

Tause skrik

Dei kom om natta

Han hørde ein lyd. Lyden kunne så vidt høyrast. Klokka var over tre på natta, og han hadde ikkje sove eit sekund. Han torde ikkje puste. Han hørde to tydelege klikk. Var det no det skulle skje? Var det no dei skulle ta han? Om dei skulle ta han, så ville det skje i kveld. Han forstod såpass. Han hadde gjort ein tabbe, dei forstod at han visste for mykje. Der kom kneppet igjen. Noko bevega seg ute i gangen. Han skreik av full hals: – PAPPA! MAMMA! Men ingen svarte. – PAPPA! skreik han. Han ville slå på lyset på nattbordet, men det verka ikkje. Fire hovud kom til syne i døropninga. Dei såg groteske ut. Dei hadde ikkje munn eller nase, og augo var store som golfballar. Han heiv etter pusten, han skalv og sveitta. Åtte armar tok tak i han, han kunne ikkje gjere noko. Så blei det svart ...

Rommet der det skjedde

– Det var frå dette rommet han forsvann, ikkje sant? spurde Bastian.

Mor sukka og berre nikka.

Bastian grøssa. Det var her han skulle bu. Dette skulle vere rommet hans. Men for eit halvt år sidan hadde ein gut forsvunne frå det same rommet. Heilt sporlaust. Foreldra hadde sove i rommet attmed utan å høyre noko. Døra var låst, og det var ingen teikn til innbrot. Guten var og blei borte. Og han var ikkje den einaste.

Oppgåver:

Sjå Elevbok 6B side 118.

Gjer oppgåvene 4, 9, 10.

